



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anniken Friis, 5557 2313
Tom N. Pedersen, 5557 2219
Gry Walle, 5557 2332
Julie Marie Andersen, 5557 2355

Vår dato
12.11.2018
Dykkar dato
25.09.2018

Vår referanse
2018/11984 561
Dykkar referanse

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Motsegn til søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Eidesvatnet i Kvam herad - BioFish AS

Fylkesmannen har motsegn til å nytte Ljonesvassdraget til vidare produksjon av settefisk i tråd med søknaden.

Fylkesmannen viser til søknad etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn og regulering av Eidesvatnet til bruk i settefiskanlegg i Ljonesvågen. Det har vore settefiskanlegg på staden sidan 1986. Dagens anlegg har mellombels konsesjon som gjeld fram til 1. januar 2020. Søkjar ønsker å etablere nytte resirkuleringsanlegg (RAS) og auke produksjonen frå 1,5 til 5 millionar settefisk per år.

I følgje søknaden ønskjer ein å vidareføre gjeldande vilkår knytt til regulering og minstevassføring. Desse vilkår gjeld:

- Uttak av 5 m³/min (0,083 m³/s) frå Eidesvatnet til settefiskproduksjon i nytt RAS-anlegg
- Regulering av Eidesvatnet med 0,75 meter mellom HRV = 33 moh. og LRV = 32,25 moh.
- Slipp av minstevassføring på 0,017 m³/s i perioden 1. november–31. august
- Slipp av minstevassføring på 0,03 m³/s i perioden 1. september–31. oktober

Søkjar meiner at tiltaket vil ha *ubetydeleg* konsekvensar på alle miljøfaglege tema som er omtala, med unntak av konsekvensar for fisk og ferskvatn, som er sett til *liten negativ* (-).

Bakgrunn

Det har vore settefiskanlegg i området i mange år, opphavleg med vilkår om maksimal nedtapping på 0,4 meter. Driftserfaringar har vist at vassbehovet i anlegget var høgare enn det vassdraget ga grunnlag for, og konsesjonsvilkåra er endra fleire gonger. Reguleringshøgda i Eidesvatnet er no 0,75 meter.

I løpet av anlegget sin historie har det vore fleire døme på brot på vilkår sett av dei ulike sektorstyresmaktene. Tilhøva knytt til ulovleg drift er teke opp av både NVE, Fiskeridirektoratet og Fylkesmannen gjennom bøtelegging og krav til retting av avvik som er framcome gjennom ulike tilsyn. I tillegg har grunneigarar og naboar har klaga på tørrlagt elv

og ulovleg nedtapping av Eidesvatnet, då dette mellom anna har ført til erosjon langs strandlina. Anlegget har tidlegare vore drifta av Ljones Fisk og Green Salar, men framstår med nytt føretak, BioFish AS.

Plansituasjonen

Den siste tida har Fylkesmannen motteke fleire saker som gjeld arealbruk knytt til anlegget i Ljonesvågen. Kommunen meldte oppstart av detaljreguleringsplan hausten 2017. I vårt brev av januar 2018 uttalte Fylkesmannen at planarbeidet kan gi vesentlege negative verknader for nasjonale omsyn som naturmangfald og strandsoneverdiar. Fylkesmannen rådde difor i frå at ein gjekk vidare med planarbeid som opnar for utvida settefiskanlegg i Ljonesvågen.

Til tross for dette har kommunen nyleg gitt søkjar dispensasjon til bygging av eit produksjonsanlegg i strandsona i Ljonesvågen. I vår uttale i saka rådde Fylkesmannen frå at kommunen ga dispensasjon, då vi meiner at utbygginga ville råke viktige førekomstar av marin blautbotn, som er ein viktig naturtype. Fylkesmannen har i dag motteke dette vedtaket for klagevurdering.

Vi vil elles vise til at spørsmålet om arealbruk i Ljonesvågen og er eit sentralt tema i pågåande arbeid med ny kommuneplan for Kvam herad.

Gjeldande løyve etter lov om forureining

Alt i 2004 viste Fylkesmannen til brot på gjeldande utsleppsløyve. Tiltakshavar fekk likevel nytt utsleppsløyve for ein årleg produksjon på 1,5 millionar setjefisk (27.01.2004). Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med setjefiskanlegget Green Salar AS i 2015. Bedrifta fekk fleire avvik og merknader, knytt til internkontroll, farleg avfall og brot på gjeldande utsleppsløyve. Fylkesmannen har aldri motteke rapport og stadfesting på om avvika er retta, då verksemda vart slått konkurs.

Tilhøvet til vassforskrifta

Ljoneselva (vassførekomst ID 053-12-R i www.vann-nett.no) er vurdert å vere ein *sterkt modifisert vassførekomst* (SMVF). I tillegg til påverknad frå settefiskanlegget er det registrert diffus avrenning frå landbruket.

Vassdraget er anadromt og hadde tidlegare ein bestand av elvemusling, som no er utrydda. Det ligg eit temporært vandringshinder for fisk om lag 100 meter over flomålet. Hinderet gjer det vanskeleg for anadrom fisk å kome opp i Eidesvatnet ved spesielle vasstandstilhøve. Truleg har også gjeldande vassføringsregime bidratt til at det er vanskeleg for fisk å vandre opp elva. Ut frå dagens tilhøve er tilstanden (potensialet) til vassdraget sett til *Svært dårleg* i Vann-Nett.

I tiltaksprogrammet til vassforskrifta ligg forslag om å utbetre tilhøva for oppvandring av fisk. Tiltaket er førebels utsett til neste planperiode, då ein såg det som naturleg å sjå saka i samband med ei eventuell ny konsesjonshandsaming for settefiskanlegget.

Miljømålet for Ljonesvassdraget er satt til *moderat potensial*.

Nytt løyve etter akvakulturlova og forureiningslova

Anleggsendringar, inkludert fysiske endringar i bygningsmasse, er søknadspliktige etter akvakulturlova. Saka skal og til høyring til sektoretatane, inklusive Fylkesmannen som skal ta

stilling til nytt utsleppsløyve etter lov om forureining. Fylkesmannen har førebels ikkje fått slik søknad på høyring frå fylkeskommunen.

Merknader frå Fylkesmannen

Mål i vassforskrifta

Målsettinga i vassforskrifta er å betre miljøtilstanden i vassdraget. Føresetnaden for at ein skal kunne nå desse måla er at det vert gjennomført nødvendig tiltak, som å auke pålagt minstevassføring, redusere reguleringshøgde i Eidesvatnet og utbetre oppvandringa. Slike tiltak vil bidra til at ein får attende naturlege habitat for anadrom fisk, og leggje til rette for at bestanden tek seg opp. Gjennom eit eige program kan det og truleg vere mogleg å gjeninnføre ein bestand av elvemusling. Med omtalte tiltaka vil elva truleg kunne nå tilnærma *godt potensial*.

Vassforsyning og forureining

Ljoneselva er eit lite vassdrag, og erfaringar drifta med bruk av med eksisterande løyve har synt at Eidesvatnet har avgrensa potensiale som reservoar. Søkjar vil utvide produksjonen samstundes som anlegget skal byggast om til resirkuleringsanlegg. Søknaden seier lite om vassbehovet. Etter Fylkesmannen sitt kjennskap til settefiskanlegg som er i drift og har vore det ei tid, vil eit RAS anlegg krevje langt mindre vatn enn det søkjar legg opp til i denne søknaden.

Settefiskanlegget som ligg nærmast Ljonesvågen, Tørvikvatnet, produserer 5 millionar sjøklar settefisk (å 100 g) med eit vassforbruk på 0,67 m³/min. Andre anlegg vi har besøkt har produsert 3 millionar settefisk å 250 gram med eit vassforbruk på 1,0 m³/min. Desse to anlegga har likt vassforbruk i høve til biomasseproduksjonen.

Fylkesmannen viser til at oppdrettar pliktar å nytte seg av beste tilgjengelege teknologi, jf. naturmangfaldlova § 12.

Fylkesmannen meiner at det ikkje er trong for den mengde vatn som er søkt om. Historia på lokaliteten har synt at det har vore negativt for miljøet å drifte anlegget med eksisterande løyve etter vassressurslova. Dei morfologiske eigenskapane ved Eidesvatnet har synt at variasjonar i vasstand har vore uheldige for landskap og naturmiljø.

I vurderingane som må gjerast er det og nødvendig å leggje til grunn at klimaendringar kan gi auka fare meir av alle typar ekstremvêr. Det inneber at turkeperiodane kan bli lengre, og periodane med nedbør meir intense.

Anadrom fisk og elvemusling

Det er i dag tilrettelagt for oppvandring gjennom dammen, noko som er viktig for å oppretthalde produksjonen av anadrom fisk. Anadromt areal er rekna å vere på om lag 2000 m², inkludert arealet over det temporære vandringshinderet. Potensialet for produksjon av sjøauresmolt i Ljonesvassdraget er ikkje utnytta i dag. Det renn fleire bekkar inn i Eidesvatnet, der ein av dei er vurdert å vera gytebekk for sjøaure med stort produksjonspotensiale. For å kunne utnytte dette må fisk ha tilgang til gytebekken. Eidesvatnet kan difor ikkje vera nedtappa i ein slik grad at fisk ikkje kjem seg opp i gytebekken på hausten. Til saman er innløpsbekken og Eidesvatnet vurdert å kunne produsere 100 – 400 smolt sjøaure årleg. Dette er ein ressurs, sett i relasjon til den problematiske situasjonen som gjeld for sjøauren i Hardangerfjorden.

Fylkesmannen vil vise til at dagens minstevassføring er for liten for fiskens oppvandring forbi stryket langs settefiskanlegget (jf. Rådgivende Biologer rapport 1781). For å nå måla i vassforskrifta er det difor nødvendig å betre denne situasjonen. Dette kan gjerast, anten ved å sleppe meir vatn i ein periode (t.d. heile september og fram til 15. oktober) eller gjennom fleire lokkeflaumar. Lokkeflaumane må vera av ein viss varigheit, truleg opp i 12 timar. I alle høve må det gjerast ein vurdering av kva storleik vassføring og lokkeflaumar må ha for å sikre oppvandringa av sjøaure.

Trongen for settefisk i marknaden

Det er i dag om lag 45 setjefiskanlegg i Hordaland som er i drift. Ifølgje akvakulturregisteret er det gitt løyve til produksjon av 150 millionar sjøklar settefisk. I 2017 var behovet for settefisk i fylket under 60 millionar fisk. Fleire nye, store anlegg er nyleg bygd, og fleire er i ferd med å bygge opp produksjonen. Produksjonskapasiteten i fylket er difor aukande. Samstundes vil vi vise til ei utvikling i næringa, der selskapa med matfiskanlegg satsar på å ha eigen produksjon av settefisk.

Konklusjon

Ljonesvassdraget er i dag i dårleg tilstand. Gjennom arbeidet med vassforskrifta er det eit mål å betre miljøtilstanden. Nye løyver knytt til framtidig bruk av vassressursen må støtte opp under dette arbeidet.

Erfaringar viser at dagens påverknad på Ljonesvassdraget alt i dag er for stor samanlikna med kva vassdraget toler. BioFish AS ønskjer å oppretthalde både nivå på vassuttak og dagens regulering.

Fylkesmannen meiner at det ikkje er samsvar mellom berekraftig forvaltning av vassdragsressursen og vassuttaket i søknaden. Potensialet er ikkje er til stades for planlagt vassuttak, utan at ein risikerer for stor neddemming av Eidesvatnet, tørrlegging av elva, erosjon i vasslina og negative verknader for naturmiljø og naturmangfald.

Fylkesmannen har motsegn til å nytte Ljonesvassdraget til vidare produksjon av settefisk i tråd om søknaden frå BioFish AS.

Med helsing

Lars Sponheim

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Kvam herad	Grovagelet 16	5600	Norheimsund
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen